

# Årsmelding for Herand Bygdelag

## 2018

### 1. Styre

Etter årsmøtet 18. mars 2018 har desse vore med i styret:

- Styreleiar: Gunnar Dalseth
- Nestleiar: Marta Samland
- Kasserar: Angunn Handegard Trå
- Skrivar: Kaia Gulbrandsen
- Styremedlemmer: Thorleif Gjernes, Kenneth Vikane (permisjon 12.06.18 – 31.12.18, Liv Bente Steiro som 2.vara gjekk inn i styret i denne perioden), Aud Berit Garnes (gjekk ut av styret 12.06.18 – Sigmund Eiken, 1. vara, gjekk inn som fast styremedlem) Varamedlemmer: 1. Sigmund Eiken, 2. Liv Bente Steiro, 3. Jan Tore Huus og 4. Birte Torgersen.

Av desse er Angunn Handegard Trå, Thorleif Gjernes og Aud Berit Garnes valt for 2 år.

Styret har hatt 11 ordinære styremøte. I tillegg har det vore ulike gruppe- og komitemøte.

Kenneth Vikane har representert Bygdelaget i Herand Omsorgsbustader A/S. Gunnar Dalseth har representert bygdelaget i Herand Aktiesagbrug, Herand Landhandleri A/S og Jondal Frivilligsentral. Sigmund Eiken har vore ansvarleg for bygningsmassen og administrert utleige. Sverre Haugen har styrt Båtbyggjarmuseet. Kaia Gulbrandsen er i bladstyret for Herand Bygdeblad. Marta Samland er i Landskapsparkgruppa, Marna Roer har leia denne.

### 2. Aktivitetar og tilstellingar

Styret arrangerte eit *planlegging -og samordningsmøte* for alle lag i byda 16. januar for å leggje planar for året. Det arrangerte og eit *oppsummeringsmøte* etter turistsesongen 25. september. Styret har og vore representert ved andre viktige møte og samlingar i bygda og kommunen, mellom anna årsmøte Jondal Frivilligsentral, seminar for frivillige lag i regi av Jondal Frivilligsentral, oppretting av Herand Landhandleri. Styret har hatt diverse korrespondanse; med Jondal Kommune angående vegadresser og skilting av vegar, med Statens Vegvesen og Nasjonale Turistvegar om den dårlege forfatninga på hovudvegen gjennom bygda, med kyrkjeverje i Jondal kyrkje angående senkeapparat og med div mobilnettselskap om den dårlege mobildekninga i bygda.

*Herand Bygdeblad* kom ut i fire nummer i 2018 og har om lag 300 abonnentar. Mange av desse bur utanfor Herand og Jondal, og bladet er tydeleg ein formidlingskanal til folk som har flytta ut av bygda. Vi takkar bladstyret – Kaia Gulbrandsen, Sarah Marie Røstbø, Ingrid Stranden Haavik og Reidun Haugen Dalseth for å ha lagt ned mange arbeidstimar på dette!

*Båtbyggjarmuseet* – beising av naustet gjennomført. Kr. 54.000,- frå Hardangerstiftinga til takreperasjon og div vedlikehald/måling utbetalt. Tusen takk for støtta!

Bygdelaget gjennomførte den årlege *bygdedugnaden* 28. april, som vanleg med svært god oppslutning frå bygda. I tillegg vart det skipa til ryddedugnad i kulturstien 21.april. Takk til alle som møtte på dugnadsdagane! Frivillige har og rydda i kulturstien gjennom sesongen. 31. oktober vart det gjennomført ryddedugnad på kulturhuset.

*Helleristingsfeltet*; 27. april var Kaia Gulbrandsen med frå bygdelaget då feltet vart avdekka og reinska for sesongen av UiB/Fylkeskommunen. 7. desember var Sigmund Eiken med på feltet då Fylkeskommunen var og dekket til for vinteren.

*Haustmarknad 6. oktober*: Dagen vart opna med konsert i gymsalen med Hardanger Big Band. Vidare var det krambu og kafe i gymsalen, framvising av filmen «Den siste båtbyggjaren» i auditoriet, komlemiddag i matsalen og demonstrasjon av tredreiing ved Arne Bakke Mælen. Flinke ungdomar frå Luren 4H hjelpte til med kafe og komleservering. Nettoinntekt kr. 31.465,-. Godt frammøte og god stemning gjennom dagen!

*Liv og Lyst*; her har ikkje vore aktivitet dette året.

*Herand.no*; Marna Roer laga ny nettside for Herand.no. Her er ymse informasjon om bygda og kalender. Det har stadig vore ei utfordring å halde nettsida oppdatert og få laga til å melde frå om aktivitetar og endringar. Facebook sida Herand er og viktig som informasjonskanal.

*Herand Landhandleri A/S*: Ove-Henning Bjørsvik vart engasjert som partner til å byggje opp ny butikk i Herand. Bygdelaget engasjerte seg i å skaffe økonomiske innskott til butikk, vart aksjonær med kr. 188.000. Organisering av dugnader for å få butikklokala klare. Herand Landhandleri opna fredag 4. mai. Etter kvart har drivstoff, tipping, apotekvarer, catering og bakeri kome på plass.

*Bygdelagsbasaren 29.12*; Sal av lodd på bok og åresal, nettoinntekt: kr 39.402,25.

*Jonsok*; det vart ikkje skipa til jonsokfeiring i båthamna dette året grunna at det ikkje var nokon som ville ta på seg komiteansvar for arrangementet.

*Andre større arrangement* med separate komitear er 17.maifeiring og juletreffest. Elles kan nemnast tenning av julegrana i båthamna og utdeling av blomar – og gratis abonnement på bygdebladet – til nye innflyttarar. I løpet av sommaren tok styremedlemmene tårn med å vatne blomar og tømme søppeldunkane på fellesområda i bygda.

Bygdelaget leiger *badestranda* av Berit og Haldor Tuvin. Dette er ein viktig uteplass for både bygdefolk og besøkande i sommarhalvåret. Styret tømmer boss og slår gras på badestranda gjennom sommarsesongen. 19. desember vedtok Jondal kommune å kjøpe badestranda og litt areal ved Meieriet av Tveiten gard.

## **Årsmelding for Landskapsparkgruppa i Herand for 2018**

Kort oppsummert har me i 2018:

- Planleggingsmøte 6. mars for vår/ sommarsesongen og dugnad. Resten av organiseringa via telefon.
- Ferdigstilte søknad til kommunen om dekning av diverse utgifter til skilting mm
- Slutført filmprosjektet « Den siste båtbyggjaren» – sendte kvitteringar til Sparebankstiftinga og Innfallsportar Folgefonna nasjonalpark for å få utbetalt løyva midlar. (Via bygdelaget som overordna lag/ organisasjon).
- Diverse tilrettelegging i høve filmpremiere og vitjing av filmskapar Merethe Offerdal Tveit og musikarar.
- Premiere på filmen om Herand og båtbygging 29. juli i Meieriet.
- Tilrettelegging og sal av filmen gjennom hausten – etter kvart overteke av Gunnar
- Den nye filmen vart sett opp i utstillinga på den nest siste skjermen.
- Bestilt og motteke 5000 nye brosjyrar for Kulturhistorisk senter
- Bestilt og motteke 2 aluminiumsskilt til kulturstien (Mjøstølsflor og Alm)

- Dugnad i stien, med oppføring av skilt, og sikring av rekkverk samt rydding og bråte.
- Utstillinga open frå 3. juli – 5. aug. Solveig Marie Huus var lønna utstillingsvakt og diverse frivillige supplerte ved behov. Det var 137 personar innom utstillinga denne sesongen. Marna og Arjen organiserte at dei 60 amerikanarane som var her i tre veker fekk gaiding på engelsk (munnleg), i grupper på ca 15-20 i slengen.
- Sal av kopiar stadnamn i utstillinga ( Trond Vikane )
- Ei bussgruppe frå Haugesund fekk tilbod og bestilte to vitjingar i Herand sommaren 2018, men begge turane vart avlyst grunna for få påmelde.
- I haust hadde me møte med eit forskingsteam frå Ås (Morten Klementsens m.fl) som ville oppsummera verknadar av landskapsark-prosjekta. Dei planlegg å skriva bok om dette.

### 3. Bruk av eigedomane til bygdelaget

Faste lagsbrukarar av *kulturhuset* er Herand Idrettslag, Herand Musikklag og Luren 4H. Laga betalar ikkje leige for ordinær lagsaktivitet. I tillegg til dette har kulturhuset vore brukt av lag og verksemder til ulike arrangement og møte, og av private til andre samkomer. Tre privatpersonar/firma leiger rom i huset til lagerplass. LiBe Etisk mote, leigetakar i dei tidligare barnehagelokala, sa opp leigeavtalen frå 1. september. Frå 8. november er Herand Kraft leigetakarar av desse lokala til kontor i høve bygging av kraftverk i Storelva. Det er og gjeve tilbod til ein ny leigetakar i det gamle rektorkontoret som arbeidsrom.

Herand kulturhus har i 2018 fått ymse nytt teknisk utstyr for lyd og bilete, støtta av Marine Harvest, *tusen takk!* Matsalen har fått lydemping i tak. Byggern Jondal har reparert dragar i taket i leskur. Me har fått støtte til dette og skifting av punkterte glas frå Sparebankstiftinga Hardanger, *tusen takk!*

Vi ser at det er viktig at huset både har ein romsleg gymsal med scene, matsal med kjøken, og andre møterom. Det gjer at huset er tenleg til fleire ulike formål, og fungerer som både felles daglegstove og bestestove for bygda. Det er jamt stor aktivitet i Herand kulturhus.

*Meieriet*: Er fast leigd ut til Kramsjø på langtidskontrakt og blir brukt som restaurant om sommaren. Bygdelaget ser restaurantdrift i Meieriet som viktig for bygda og miljøet rundt båthamna. Kramsjø vart i 2018 seld, dei nye eigarane signaliserer vidare drift som før. Bygdelaget engasjerte her advokatfirmaet Harris for å utarbeide leigeavtale for Meieriet med dei nye eigarane, denne vart signert i oktober. Det vart og oppdaga at det aldri har vore overført skøyte på Meieriet frå Herand Fruktpakkelag til Bygdelaget. Dette vart gjort, med ingen dokumentavgift på overføringa. Bygdelaget vonar på godt samarbeid med dei nye eigarane.

Det har ikkje vore drift i *Krambua* med sal på grunn av mangel på frivillige. Det har vore ope som museum for lag som har vore på besøk i bygda.

Bygdelaget drifter *Herand Båtbyggjarmuseum* og disponerer nauset etter avtale med Herand Båtlag.

Herand Bygdelag eig *Herand Omsorgsbustader a/s*, desse har eige styre. Det er ikkje teke ut utbytte frå selskapet dette året.

## 4. Økonomi

Vi viser til vedlagt oppsummering av rekneskap og balanse for 2018. Herand Bygdelaag har totalt sett ein god økonomi. Bygdelaaget har i 2018 motteke støtte til prosjekt frå Sparebankstiftinga Hardanger, Marine Harvest og Jondal kommune.

### Årsmelding framlagd årsmøtet i Herand bygdelaag 17. mars 2019

Gunnar Dalseth

Styreleiar

Marta Samland

Nestleiar

Kaia Gulbrandsen

Skrivar

Angunn Handegard Trå

Kasserar

Thorleif Gjernes

Styremedlem

Sigmund Eiken

Styremedlem

Kenneth Vikane

Styremedlem